

Utvalde kulturlandskap i jordbruksområdet

- eit nasjonalt utval av spesielt verdifulle kulturlandskap



Forvaltningsplan for Hoddevik – Liset 2009 - 2029

Visjon:

Området frå Hoddevik til Liset skal framstå som eit unikt kulturlandskap til nytte og glede for grunneigarar, ålmenta og framtidige generasjonar

Utgåve 1. april 2011

Innhold

Innhold.....	2
1 Innleiing	3
2 Områdeskildring	4
2.1 Hoddevik-Fure-Drage-Årdal-Skårbø-Liset	4
2.2 Avgrensing av området.....	5
2.3 Biologiske og kulturhistoriske verdiar i området	6
2.3.1 Biologiske verdiar	6
2.3.2 Kulturmarkstypar.....	6
2.3.3 Kulturhistoriske verdiar	6
2.3.4 Heilskapeleg kulturlandskap	7
2.3.5 Kontinuitet og tidsdjupne	7
2.3.6 Representativitet og særpreg	7
2.3.7 Formidlingsverdi.....	8
2.4 Fotodokumentasjon	8
3 Utfordringar.....	8
4 Visjonar og mål.....	9
5 Restaurering og skjøtsel – tiltak	10
6 Lovverk – status og tiltak.....	11
6.1 Kommuneplan for Selje kommune – status	11
6.2 Kommunal tiltaksstrategi for SMIL-midlar	12
6.3 Relevante regionale planar.....	12
6.4 Anna lovverk	13
7 Næringsutvikling.....	13
8 Kostnadsoverslag og finansiering.....	13
8.1 Kostnader.....	13
8.2 Finansiering.....	14
8.3 Behov for midlar gjennom Utvalde kulturlandskap i jordbruket	15
8.4 Kriterium og utmålingsreglar	15
9 Skjøtselsplanar	15
10 Fagleg grunnlag	16
10.1 Eksisterande kartlegging	16
10.2 Dokumentasjon/fagkunnskap.....	16
Vedlegg.....	17

Framsidefoto: Leif Hauge, Ingvild Austad, Kristian Nave, Truls H. Folkestad

1 Innleiing

Utvalde kulturlandskap i jordbruket er eit felles prosjekt frå Landbruks- og matdepartementet og Miljøverndepartementet, som skal bidra til at spesielt verdifulle kulturlandskap får ei særskild forvaltning innan 2010. Dei utvalde områda omfattar kulturlandskap i jordbruket med både svært store biologiske og kulturhistoriske verdiar som det er realistisk å halde ved like på lang sikt.

Forvaltningsplanen er eit felles grunnlag for forvaltninga av det verdifulle kulturlandskapet for grunneigarar/brukarar, kommunen og staten. Skjøtselsplanar for dei ulike delområda og aktuelle avtaler mellom grunneigarar/brukarar og staten er fundamentert i forvaltningsplanen. Planen skildrar området med fokus på biologiske og kulturhistoriske verdiar, aktuelle restaurerings- og skjøtselstiltak, juridiske og økonomiske rammer, samt målsettingar, utfordringar og moglegheiter i høve til ei langsiktig forvaltning.

Verdiane i kulturlandskapet i jordbruket er avhengige av framleis bruk, skjøtsel og vedlikehald for å oppretthaldast. Ei vellukka forvaltning er såleis avhengig av folk med kunnskap, interesse, driftsmidlar og beitedyr som kan ta på seg dei ulike skjøtselstiltaka. Her er gardbrukaren den viktigaste aktøren. I mange høve vil det også vere avgjerande med deltaking frå andre grunneigarar, einskildpersonar, ulike lag og foreiningar.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane ved landbruksavdelinga har ansvaret for koordinering av arbeidet med forvaltningsplanen. Det er nedsett ei fagleg samarbeidsgruppe med deltaking frå fylkesmannen si landbruksavdeling og miljøvernnavdeling, fylkeskommunen si kulturminneavdeling og høgskulen i Sogn og Fjordane. Fylkeskommunen si regionalavdeling er involvert i delar av arbeidet. Samarbeidsgruppa har ansvaret for å utarbeide forvaltningsplanen i samråd med kommunen og aktuelle grunneigarar. Gruppa har i løpet av 2008 og 2009 hatt fleire arbeidsmøte og vore i området og møtt nokre av dei sentrale grunneigarane. Fylkesmannen har orientert kommunestyret i Selje om forvaltningsplanen og kome med innspel til korleis denne kan koplast til den lokale arealforvaltninga.

Forvaltningsplanen er eit fagdokument som saman med skjøtselsplanane legg til rette for langsiktig forvaltning av kulturlandskapsverdiane i området. Forvaltningsplanen er ikkje juridisk bindande, og planarbeidet er ikkje lagt opp etter plan- og bygningslova. Forvaltninga er basert på frivillig deltaking frå grunneigarar/brukarar, der avtalene som inngåast med staten er den forpliktande delen. Dersom verdiane som skal ivaretakast gjennom planen går tapt eller reduserast, kan dette medføre at avtalene må seiast opp og at området mister sin status som "utvald".

Fylkesmannen har oppfordra Selje kommune til å innarbeide forvaltningsplanen som eit retningsgjevande grunnlag for arealforvaltninga i området. Dette vil vere eit godt signal om at kommunen tek området sin status på alvor og støtter opp under føremålet med forvaltningsplanen.

Utkast til forvaltningsplan av 06.10.2009, vart sist sendt til aktuelle grunneigarar, lag og kommunen med frist for nye innspel den 30.03.2011. Ingen innspel vart motteke og Fylkesmannen har difor datert ein endeleg første utgåva av planen til den 1. april 2011.

2 Områdeskildring

2.1 Hoddevik-Fure-Drage-Årdal-Skårbø-Liset

Det storslårte landskapet på Stadlandet generelt og Hoddevik-Liset spesielt har eit unikt nasjonalt sær preg. Området er rikt på biologiske og kulturhistoriske verdiar både i innmark og utmark. Gamal kulturmark med lang kontinuitet og stor artsrikdom er framleis framtredande i landskapet. Dei ulike grendene og gardane har ein heilskap som er lite forstyrra av moderne inngrep. Sjølv om det er få aktive gardbrukarar og beitedyr igjen, er det framleis vilje og moglegheiter til å ta vare på og dra nytte av dei store verdiane i området. Kommunen har vist positivt engasjement i høve til prosjektet og det er god interesse blant eit stort fleirtal av dei rundt 50 aktuelle grunneigarane i området.

Det er framleis gardsdrift i Hoddevik, særleg på dei flate jordbruksareaala i dalbotnen, men store areal ligg unytta, særleg i lisidene. Det er ikkje jordbruksdrift på Indre og Ytre Fure, men areal og bygningar vert til ein viss grad skjøtta av eigarane. På Drage ligg gardane spreidd ut over den slake strandflata med dyrkingsjord, omkransa av lisider med beitemark og kystlynghei. Her er det framleis gardsdrift og ein del beitedyr. Nokre areal er i god hevd mens andre har behov for rydding, beiting og slått. Frå Drage til Liset er det framleis beitedyr i landskapet. Gardane i Årdal, Skårbø og Liset utgjer kvar for seg heilskapelege kulturlandskap i skiljet mellom hav og fjell. Områda er rike på tekniske strukturar, tufter og gamle bygningar. Ein del aktive grunneigarar og lag skjøttar areal og bygningar men også her er det behov for fleire beitedyr og skjøtselstiltak.




Figur 1: Hoddevik (foto: Leif Hauge)

2.2 Avgrensing av området

Hoddevik, Indre og Ytre Fure, Drage, Årdal, Skårbø og Liset er kvar for seg heilsakelege kulturlandskap som utgjer kjerneområda i eit storskala landskap. Totalområdet femnar i tillegg om fjellsider og – platå som også er registrert med verdifulle naturtypar som i kulturhistorisk perspektiv er nært knytt til kjerneområda.

Totalområdet er om lag 45 000 dekar og kjerneområda er høvesvis: Hoddevik, 3 000 dekar, Indre og Ytre Fure, 500 dekar, Drage, 1 500 dekar, Årdal, 200 dekar, Skårbø, 200 dekar og Liset, 1 400 dekar. Kartet nedanfor viser den ytre avgrensinga av området for forvaltningsplanen, samt dei aktuelle kjerneområda.

Den ytre avgrensinga viser området som forvaltningsplanen omhandlar. Grensa er sett ut i frå ei vurdering av kva areal som naturleg bør sjåast i samanheng med kjerneområda. Avgrensinga av kjerneområda er retningsgjevande for kva som vert omhandla i skjøtselsplanane. Grensene kan verte justerte dersom dette er naudsynt for heilskapen.



Figur 2: Grense for forvaltningsplanen (blå strek) med markering av kjerneområda (grøn strek)

2.3 Biologiske og kulturhistoriske verdiar i området

2.3.1 Biologiske verdiar

Kjerneområdet i Hoddevik er truleg noko av det artsrikaste som finst i Sogn og Fjordane når det gjeld engsamfunn, med stort innslag av sjeldne og sårbare karplantar. Her har truleg hjartegras ein av dei største førekomenstane i landet. Også i områda Skårbø og Årdal er det registrert spesielt artsrike slåtteenger. Det er truleg også eit stort tal beitemarksopp knytt til naturbeitemarkene i heile området.



Figur 3: Artsrik slåtteeng rundt sanddynene i Hoddevik (foto: Ingvild Austad)

2.3.2 Kulturmarkstypar

I heile området finst beitemarker/beitebakkar, urterike slåttenger, strandenger, llynghestar og torvmyrar. Kulturmarkene er representative for kystkulturlandskapet. Kalkengene knytte til flygesandsavsetningane i lisider og dalbotn i Hoddevik, er saman med sjølve avsetningane spesielle i nasjonal samanheng. Ved Fure finst sårbare og sjeldne artar i bratte ur- og klippeframspring.

2.3.3 Kulturhistoriske verdiar

Det er ikkje kjent automatisk freda kulturminne frå Hoddevik, men det skuldast nok at det ikkje har blitt gjennomført arkeologiske undersøkingar i området. Sannsynlegvis har her vore gardsdrift sidan eldre jarnalder, slik det er påvist i Ervika. På Drage er det påvist keramikk-kar frå bronsealder og fleire gravfunn frå eldre jarnalder så her har det i alle fall vore solid gardsbusetnad.

Dei ståande bygningane i Hoddevik, Fure og Drage er i stor grad frå siste del av 1800-talet.

I Hoddevik finst bygningsmiljøet i dag langs vegen i midten av dalbotnen. Einskildbygningar kan ha kulturhistorisk verdi. Karakteristisk naustmiljø i nordvest. I nedkøyringa til Hoddevik ligg mange karakteristiske steinfjøs. Nokre av desse er restaurerte. Dalen er elles full av ulike steinstrukturar som steingardar, bakkemurar, buvegar, steinstolpar, m.m. Indre Fure har eit

lite klyngjetun med ein karakteristisk struktur, einskildbygningar og hagar. Tunet er omgjeve av frukthagar, slåtteenger og beitebakkar. I lisida finst karakteristisk steinfjøs.

Lokaliseringa av gardane på Ytre Fure er truleg noko av det mest ekstreme vi kan finne på kysten av Vestlandet.

2.3.4 Heilskafeleg kulturlandskap

Både Hoddevikgrenda og Indre og Ytre Fure utgjer karakteristiske, heilskafelege kulturlandskap. Årdal utgjer også eit heilskafeleg kulturlandskap med unik grad av autentisitet og med stor kulturhistorisk verdi og utan spor etter nyare inngrep. Området rundt Liset er registrert som eit verdifullt kulturlandskap med eit typisk kombinasjonsbruk som utgangspunkt. Området kjenneteiknast av omfattande torvskjering i tillegg til dei mange tekniske anlegga.

2.3.5 Kontinuitet og tidsdjupne

Gardane er truleg gamle og kulturmarkene har lang kontinuitet.

2.3.6 Representativitet og sær preg

Både Hoddevik og Fure-gardane er typiske for kystkulturlandskapet. Likevel er Hoddevik så særprega (ei blanding av Færøyane, Irland og Lofoten) at landskapet må seiast å være unikt i nasjonal samanheng. Nedkjøringa til dalen er ei oppleving i seg sjølv. Klyngjetunet på Indre Fure er eit særsyn, med ein lun tunstruktur på ein så værutsett plass.



Figur 4: Indre Fure (foto: Ingvild Austad)

2.3.7 Formidlingsverdi

Hoddevik er eit storskala-landskap som er lett å få oversikt over, inkludert dei ulike kulturelementa. Området er mykje brukt som ekskursjonsområde for Høgskulen i Sogn og Fjordane. Klyngjetunet på Indre Fure er forbiletet i eit FoU-prosjekt som skal utvikle alternative bustadutbyggingsmodellar basert på det vestnorske klyngjetunet. Liset-området ligg nær Selje sentrum og kan vere godt eigna for pedagogiske, frilufts- og reiselivsmessige opplegg.



Figur 5: Ytre Fure (foto: Leif Hauge)

2.4 Fotodokumentasjon

Fotografiar frå fortid og notid vil vere nyttige for å vise utviklinga i området over tid. Bilete frå faste punkt i området over tid kan også vere ein måte å dokumentere kva effekt skjøtselstiltaka har på kulturlandskapet. Det er såleis aktuelt å gjennomføre ein fotodokumentasjon av området.

3 Utfordringar

Plantefelt og oppslag med sitkagran kan verke negativt inn på det opprinnelige kulturlandskapet. Fjerning av sitkagran vert vurdert som eit tiltak i skjøtselsplanane.

Konfliktar rundt gjerdehald kan føre til at tradisjonell skjøtsel tek slutt, som igjen kan slå negativt ut på verdifulle kulturmarkar. Attgroing på areal som vert for lite beita eller slått er også eit trugsmål for verdiene i området. Talet på landbruksføretak i kommunen har gått nedover og det er ei utfordring å ha nok folk og dyr til å gjennomføre forvaltninga av kulturlandskapet i området.

Stadlandet har stort potensial for vindkraftutnytting og eventuelle arealdisposisjonar med slikt føremål har eit konfliktpotensial i høve til forvaltninga av verdifullt kulturlandskap.

Det er usikkert kva konsekvensar klimaendringar vil gje i høve til ei langsiktig forvaltning av verdiane i området. Auka attgroingstakt kan medføre meir arbeid i høve til å halde borte uønskja vegetasjon på areal og rundt kulturlandskapselementa. Eit våtare klima kan og auke behovet for vedlikehald av bygningsmasse og tekniske strukturar.

Tilfeldige arealdisponeringar til dømes for næringsverksemder, bustad- eller hyttebygging kan endre landskapet og dei tradisjonelle strukturane i kulturlandskapet. Som nemnt i kapittel 6, vil den langsiktige forvaltninga av området avhenge av lokalpolitisk vilje til ei omsynsfull arealforvaltning, samt grunneigarane og innbyggjarane elles sin motivasjon til å ta vare på og utvikle området som ein positiv ressurs. I den samanheng vil det vere ei utfordring å etablere og halde ved like lokal stoltheit, tilknyting og identitet i høve til det verdifulle kulturlandskapet i området.



Figur 6: Skårbø og Årdal (foto: Ingvild Austad)

4 Visjonar og mål

For å sikre ei langsiktig forvaltning av området, er det viktig at grunneigarar, kommune og stat er samde om kva ein ønsker å oppnå med forvaltninga. Det vil såleis vere nyttig å formulere felles visjonar og mål i forvaltningsplanen.

Det statlege sekretariatet for prosjektet har formulert seg slik:

"Utvalde kulturlandskap i jordbruket skal gje kunnskap og opplevingar og vere ein ressurs for framtida. Dei skal ivaretakast for å gje ålmenta kunnskap og opplevingar om vår jordbruks historie, dei skal fungere som ein ressurs for verdiskaping for eigar, brukar og forvaltar, og som referanseområde for forvaltning og forsking knytt til tradisjonelle jordbrukslandskap."

Nedanfor er det formulert eit forslag til visjon og mål for forvaltning av Hoddevik-Liset. Den endelige formuleringa vert gjort etter at konkrete skjøtselstiltak og forankring i kommuneplanen er drøfta nærmare med grunneigarane og kommunen.

Forslag til visjon for området og verdiane i eit 20-årig perspektiv:

Området frå Hoddevik til Liset skal framstå som eit unikt kulturlandskap til nytte og glede for grunneigarar, ålmenta og framtidige generasjonar

Forslag til forvaltningsmål:

- *Ta vare på og synleggjere areal og element som er viktige for området sitt kulturhistoriske og biologiske sær preg, gjennom målretta skjøtsel og arealforvaltning*
- *Leggje til rette for samspele mellom ny og gammal busetnad, moderne og tradisjonelt drivne areal, gjennom heilsapeleg planlegging og omsynsfulle tiltak*
- *Utforme området som eit heilsapeleg kulturlandskap med stor opplevings- og formidlingsverdi, gjennom målretta tiltak og koordinert innsats*

5 Restaurering og skjøtsel – tiltak

Det vil vere behov for skjøtselsplanar for både bygningar og areal, der ein skil mellom strakstiltak og langsiktige tiltak. Aktuelle tiltak for restaurering og skjøtsel vil i grove trekk vere følgjande:

Restaurering og vedlikehald av bygningar

- Utbetring av verneverdige bygningar i tuna, til dømes våningshus, driftsbygningar, stabbur og reiskapshus
- Restaurering og vedlikehald av bygningar knytt til kulturmarkene, til dømes utløer/høyløer, inkludert fjerning/rydding av uønskja vegetasjon
- Vedlikehald av gamle grunnmurar/tufter, inkludert fjerning/rydding av uønskja vegetasjon

Restaurering og vedlikehald av andre bygde element

- Restaurering og vedlikehald av bakkemurar, steingardar, rydningsrøysar, gamle vegstrukturar, stiar, kloppar og bekkeløp, inkludert fjerning/rydding av uønskja vegetasjon
- Skjøtsel av automatiske freda kulturminne etter retningsliner frå kulturminnemyndigheten, i hovudsak fjerning av uønskja vegetasjon

Restaurering og skjøtsel av areal

- Restaurering av slåttemark
 - Slått av eng. To-hjuls traktor eller ljå på bratt areal
 - Tynning/rydding av uønskja vegetasjon
 - Fjerning av biomasse (høy/kvist/ved)
- Skjøtsel av slåttemark
 - Årleg slått på rett tid. Flattørking eller hesjing.
 - Fjerning av høy
 - Husdyrbeiting vår og haust
- Skjøtsel av naturbeitemark
 - Husdyrbeiting
- Skjøtsel av kystlynghei
 - Lyngbrenning/sviing
 - Husdyrbeiting
- Kantsoner og restareal
 - Slått/rydding/beiting
 - Fjerning av biomasse

Årleg skjøtsel av dei mest verdifulle areala vil omfatte beiting med storfe, sau og geit, samt maskinell slått med tilhøyrande for- og etterarbeid. I nokre høve kan det vere aktuelt med

Ijåslått. Framleis vert nokre av kystlyngheiane skjøtta ved lyngsviing og beiting og denne aktiviteten bør utvidast. Det vil vere behov for å fjerne gamle gjerde og setje opp nye for å kunne styre beitinga. Kulturmarkene har ein del tekniske strukturar og element som bør restaurerast og skjøttast, til dømes steingardar, bakkemurar og buvegar. Bygningsmiljøet på ein del av lokalitetane vil ha behov for omfattande restaurering og vedlikehald.

6 Lovverk – status og tiltak

Forvaltningsplanen dannar grunnlaget for ivaretaking og utvikling av området både på kort og lang sikt. Det langsiktige perspektivet er viktig i høve til statlege mål om å sikre spesielt verdifulle kulturlandskap for framtida. Grunneigarane treng også føreseielege rammer på lang sikt, i høve til sine prioriteringar og innsatsfaktorar.

Den langsiktige forvaltninga kan til ein viss grad sikrast ved å knyte forvaltningsplanen til arealdelen av kommuneplanen. Samstundes er det ei utfordring for alle partar å sjå lengre fram enn tre til fem år. Grunneigarane sin livssituasjon, ønskjer og behov endrar seg over tid og det same gjer lokalpolitiske prioriteringar. I tillegg skal dei utvalde områda takast vare på gjennom frivillig deltaking. For å sikre ei langsiktig ivaretaking av verdiane i området, er det difor minst like viktig at grunneigarar, kommunal leiing og innbyggjarar elles i kommunen oppfattar området som ein positiv ressurs som ein ønskjer å ta vare på. Her vil kommunen ha eit særleg ansvar for å bidra til at området får ein status og merksemd som styrkar lokal stoltheit, tilknyting og identitet.

6.1 Kommuneplan for Selje kommune – status

Arealdelen av kommuneplanen for Selje er frå 1995 og er såleis lite oppdatert i høve til aktuelle tiltak og utfordringar i dag. I denne planen har området Hoddevik-Liset status som landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF), med unnatak av bandleggingsområda i Årdal (kulturminne) og sanddynene i Hoddevik (naturvern). Kommunen legg opp til å starte rullering av kommuneplanen i 2009.

Forvaltningsplanen bør takast i bruk som eit grunnlagsdokument i den fortløpende handsaminga av tiltak i planområdet. Tiltak som fell inn under plan- og bygningslova, jordlova eller skogbrukslova bør vurderast i høve til eventuelle negative konsekvensar for kulturlandskapsverdiane i området. Ein slik praksis kan etablerast ved å knyte forvaltningsplanen til kommuneplanen som retningsgjevande for arealforvaltninga i området.

Miljøverndepartementet si rettleiar T-1382 *Plan og kart etter plan- og bygningsloven* slår fast at det kan knytast retningsliner til arealdelen av kommuneplanen. Retningsliner kan mellom anna brukast for å klargjere kommunestyret sine instruksjonar til politiske utval og administrasjon som skal følgje opp planen. Retningsliner er ikkje juridisk bindande, men har berre rettleiande og informativ karakter. Ein kan ikkje bruke retningslinene som heimelsgrunnlag for vedtak etter planen, men ein kan gje visse føringar for rettsleg og planfagleg vurdering av dei einskilde arealbrukskategoriane og bestemmelsane. Slike retningsliner kan til dømes innanfor felleskategorien landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF) synleggjere at visse delar av eit område er av stor interesse for natur, friluftslivet, jord- eller skogbruk. Retningsliner kan også markere særleg strenge soner i LNF-område. Ein må skilje tydeleg mellom retningslinene og dei rettslege bestemmelsane som er heimla i plan- og bygningslova § 20-4 andre ledd og knytt til dei viste føremål på plankartet.

Nedanfor følgjer eit døme på korleis forvaltningsplanen for Hoddevik-Liset kan forankrast i kommuneplanen. Dette kan vere eit utgangspunkt når kommunestyret eventuelt skal gjøre eit vedtak om sine intensjonar med omsyn til det verdifulle kulturlandskapet i arealforvaltninga.

Døme på retningsliner til arealdelen av kommuneplanen:

- Området Hoddevik-Liset inngår i det nasjonale utvalet *Utvalde kulturlandskap i jordbrukslova*. Det er utarbeidd forvaltningsplan for området der føremålet er å sikre ivaretaking av det unike kulturlandskapet til nytte og glede for grunneigarar, ålmenta og framtidige generasjoner
- Arbeid og tiltak innanfor området for forvaltningsplanen, som fell inn under plan- og bygningslova, jordlova eller skogbrukslova, bør vurderast i høve til eventuelle negative konsekvensar for dei verdiane og måla som forvaltningsplanen skal ivareta
- Ved handsaming av tiltak i området, bør kommunen søkje fagleg bistand av fylkesmannen si landbruksavdeling og miljøvernnavdeling og/eller fylkeskommunen si kulturavdeling og regionalavdeling

6.2 Kommunal tiltaksstrategi for SMIL-midlar

Gjennom den kommunale tiltaksstrategien for spesielle miljøtiltak i jordbrukslova (SMIL) vert tiltak for å ta vare på dei registrerte verdifulle kulturlandskapene høgt prioritert. Tiltaksstrategien vart revidert i 2008 og kommunen legg opp til ei vidareføring av prioritering av tiltak i verdifullt kulturlandskap.

6.3 Relevante regionale planar

Nedanfor følgjer ei oversikt over regionale planar som er relevante i høve til forankring av forvaltningsplanen på lengre sikt.

Fylkesplanen "Vegen vidare for Sogn og Fjordane – mål og strategiar" for 2005-2008 peikar på kulturlandskapet som ein ressurs for reiseliv, trivsel og næringssatsing.

Fylkesdelplan for landbruk i Sogn og Fjordane inneholder mål og strategiar for både kulturlandskap, landbruksproduksjon og bygda som ein god plass å bu. Planen seier at "*kulturlandskapet er viktig for både matproduksjon, trivsel for bygdefolk og tilreisande, friluftslivet og for reiselivet. Det er først og fremst gjennom aktiv drift vi kan halde kulturlandskapet ved like*".

Fylkesdelplan for arealbruk har eit overordna mål om å forvalte kulturarven i Sogn og Fjordane slik at ein sikrar ei berekraftig utvikling og vernar kulturminne/kulturmiljø/kulturlandskap som dokumentasjon av fortida og ressurs for framtida.

Fylkesdelplanar for vindkraft, vasskraft, klima og miljø er under utarbeiding, og det er førebels usikkert korleis desse vert relevant for forvaltning av kulturlandskapet på Stadlandet. Det er sannsynleg at vindkraftutbygging har størst konfliktpotensiale i høve til verdifullt kulturlandskap.

6.4 Anna lovverk

Innanfor planområdet er det eit naturreservat for sjøfugl, Høgfjellet fuglefjell, som er verna etter naturvernlova.

Gardsanlegget i Årdal med to tufter, fleire rydningsrøyser og eit steingjerde er registrert som automatisk freda etter kulturminnelova. Det same er eit gardanlegg på Indre Fure med tre hustufter. Fem gravrøyser er registrert på Drage.

Ingen bygningar i området er freda, men om lag 110 bygningar og ruinar er registrert i SEFRAK-registeret, her under våningshus, fjøs, løer, naust, eldhus, stabbur, vedahus, torvhus, smie og kvernhus.

7 Næringsutvikling

Det kan vere aktuelt for einskilde grunneigarar å bruke området som ein ressurs for næringsutvikling og anna verdiskaping i framtida, men dette har førebels ikkje vore drøfta nærmare.

Området vil få nasjonal merksemd gjennom statusen som "utvald kulturlandskap". Dette kan danne grunnlag for utvikling av småskala reiseliv og geoturisme, dersom grunneigarane ønskjer slik tilrettelegging og satsing.

8 Kostnadsoverslag og finansiering

8.1 Kostnader

Gjennom arbeidet med skjøtselsplanane vert aktuelle restaurerings- og skjøtselstiltak for kvart areal vurdert. Når skjøtselsplanane er utarbeidd i samråd med grunneigar/bukkar/forvaltar, vil ein få meir nøyaktige kostnadstal for dei ulike tiltaka.

Det er ikkje lage oversikt over aktuelle restaurerings- og vedlikehaldstiltak når det gjeld bygningar. Dette krev eit omfattande registreringsarbeid med faglege vurderingar i samarbeid med eigarane og ein har ikkje hatt ressursar til dette arbeidet så langt.

Hoddevik-Liset er eit relativt stort område med mange grunneigarar og mange potensielle skjøtselstiltak. Det totale innmarksarealet utgjer rundt 2 500 dekar. I tillegg kjem utmarksbeite med kystlynghei og naturbeitemark. Talet på dyr som beiter i innmark og utmark er rundt 200 storfe og 1 000 sau og geit. Det er naudsynt å gå meir i detalj for kvart gard- og bruksnummer innanfor området etter kvart i samband med skjøtselsplanarbeidet.

Ut i frå ei skjønnsmessig vurdering er dei årlege kostnadene stipulert til å ligge på rundt 2 millionar kroner for heile området. Om lag 60-70 % prosent av dette vil gå til årleg skjøtsel, mens resten vil gå til investeringstiltak innan bygnings- og kulturminnevern. Dette er eit grovt estimat basert på utrekningsmodellen frå tiltaksplanen for kulturlandskapet i Verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap Nærøyfjorden, der ein legg til grunn areal- og dyretal, kombinert med tilstrekkeleg høge tilskotssatsar.

Det vil ta tid før skjøtselsaktiviteten når det ønskjelege nivået i heile området. Dei første åra stipulerast eit samla behov på mellom 600 000 og 1 million kroner i årlege tilskot til restaurerings- og skjøtselstiltak.

Kostnadsoverslag for 20 år vil vere høgst usikre. Dei største kostnadene er knytte til investering i bygningsrestaurering. Kva tiltak som vert gjennomført vil mellom anna avhenge av grunneigarane/brukarane sine føresetnader, og om det er realistisk med eigenfinansiering og supplerande tilskot frå andre hald, til dømes kulturminnefondet. Det er ikkje justert for prisendringar i framtida, som også vil slå ut på kostnadsnivået. Det er også usikkert om det vil vere realistisk å setje i stand alle felta i eit område. Dette vil mellom anna avhenge av tilgjengeleg arbeidskraft, dyr og driftsmidlar.

8.2 Finansiering

Det er usikkert kva eksisterande kjelder til finansiering vil kunne bidra med i høve til å dekkje aktuelle kostnader med forvaltingstiltaka. Nedanfor følgjer ei oversikt over aktuelle kjelder:

Produksjonstilskot

- Gardbrukarar som tek på seg å skjøtte nokre av dei verdifulle felta kan motta meir i produksjonstilskot.

Regionalt miljøprogram (RMP)

- Aktuelle tilskotsordningar gjennom RMP i Sogn og Fjordane er tilskot til drift av bratt areal, skjøtsel av steingardar og bakkemurar, særleg verdifulle slåtte- og beitemarker, kystlynghei, automatisk freda kulturminne, skjøtsel med ammegeit og kje, ekstra tilskot til sau og mjølkegeit på utmarksbeite og tilskot til organisert beitebruk.

Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)

- Selje kommune prioriterer verdifulle kulturlandskap innanfor SMIL-ordninga. Nokre av investeringstiltaka i området vil kunne delfinansierast med SMIL-midlar.
- Tilskotsprosenten vil variere mellom ulike tiltak. Det er vanskeleg å stipulere konkrete tilskotssummar før ein veit kva tiltak som vert omsøkt frå grunneigarane.
- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane ved landbruksavdelinga må vurdere å prioritere Selje kommune ved fordeling av SMIL-midlane til kommunane, dersom dette vert naudsynt for å følgje opp viktige tiltak i planområdet.

Kulturminnefondet

- Kulturminnefondet si satsing på kulturminne og kulturmiljø i landbruket fram til 2010 opnar for delfinansiering av investeringstiltak i området, særleg med tanke på bygningsrestaurering.

Tiltak i nasjonalt viktige kulturlandskap

- Ein reknar med at det er aktuelt å løyve tilskot til skjøtselstiltak i det registrerte nasjonalt verdifulle kulturlandskapet Hoddevik-Fure frå Direktoratet for naturforvaltning si årlege ramme til slike tiltak.

Bygdeutviklingsmidlar (BU)

- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane ved landbruksavdelinga tildeler BU-midlar til tiltak som fremjar omstilling, nyskaping og framtidsretta sysselsetting i bygdene for å skape livskraftige lokalsamfunn. Dei bedriftsretta BU-midlane som vert forvalta av Innovasjon Noreg kan nyttast til å støtte etablering, bedriftsutvikling og investering i samband med næringsutvikling på gardsbruk i aktiv drift.

- Det kan vere aktuelt å prioritere BU-midlar til tiltak i planområdet, men det er ikkje mogleg å stipulere tilskotssummar før aktuelle tiltak er konkretisert.

Regionale midlar til informasjons- og utviklingstiltak i landbruket

- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane si landbruksavdeling disponerer ei årleg ramme på om lag 200 000 kroner som går til tiltak som mellom anna skal bidra til effektive og føremålstenlege tilskotsordningar knytt til miljø i landbruket, kunnskapsoverføring frå forsking til praktisk jordbruk, oppdatert rådgjeving og synleggjering av landbruket sin miljøinnsats.

8.3 Behov for midlar gjennom Utvalde kulturlandskap i jordbruket

Det er mest sannsynleg at dei eksisterande tilskotsordningane i liten grad vil dekkje dei faktiske kostnadene med å ta vare på dei særskilde verdiane i området. Ut i frå dei stipulerte kostnadene ovanfor og at dei faktiske kostnadene må dekkjast gjennom *Utvalde kulturlandskap i jordbruket*, vil det vere behov for rundt 600 000 kroner til årleg skjøtsel. I tillegg vil det vere eit årleg behov for rundt 400 000 kroner i investeringstilskot. Behovet i byrjinga av planperioden kan liggje noko under dette, men gradvis auke til om lag det doble dersom ein oppnår ønskjeleg aktivitetsnivå etter nokre år.

8.4 Kriterium og utmålingsreglar

Det bør vere eit mål å utforme eit enkelt system for tilskotsutmåling og –utbetaling. Det kan raskt verte komplisert for avtalepartane å forhalde seg til ei utmåling basert på mange ulike tiltak med ulikt omfang og ulike satsar. Eit alternativ er å gjennomføre dette på liknande måte som for Verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap Nærøyfjorden. Der vert det gjeve eit arealtilskot og eit beitetilskot basert på ulike arealkategoriar og tal beitedyr. Tilskotssatsane vert sett ut i frå tilgjengelege midlar og talet på tilskotsmottakarar. Samstundes er det eit avtalevilkår at skjøtselsplanen skal leggjast til grunn for tiltaka som skal gjennomførast.

Ein treng også eit enkelt system for oppfølging og kontroll som avtalepartane kan handtere. Også her vil opplegget i verdsarvområdet kunne vere ein mal. Her legg ein opp til eit møte mellom avtalepartane på slutten av kvart år, med synfaring og gjennomgang av dei aktuelle tiltaka. Dette gjev rom for justeringar, fagleg rettleiing og god dialog.

9 Skjøtselsplanar

Den generelle omtala av restaurerings- og skjøtselstiltak ligg under kapittel 5. Skjøtselsplanane for kjerneområda vert eigne dokument som vedlegg til forvaltningsplanen.

Arbeidet med å lage skjøtselsplanar er i gang og vil halde fram ut over i 2010. Så langt har ein fokusert på Hoddevik, gått gjennom området og delt det inn i mindre felt ut i frå tilstand og kulturmarkstype. Det vidare arbeidet vil vere å skildre dei ulike felta i høve til tilstand, potensiell utvikling, ønskjeleg tilstand og aktuelle restaurerings- og skjøtselstiltak. Det er også igangsett skjøtselsplanarbeid for Indre og Ytre Fure, Drage og Årdal.

Ein ser for seg å lage skjøtselsplanar for kvart kjerneområde, der ein tek med tiltak for både kulturminne og biologisk mangfold. Gravrøyser, høyløer, tekniske strukturar og andre element utgjer i stor grad viktige og naturlege delar av heilskapen i dei ulike felta. Det vil

såleis vere ønskjeleg at eit opplegg for restaurering og skjøtsel av ein kulturmarkstype også inkluderer slike element. I tillegg vil det vere mest praktisk for grunneigar/brukar/forvaltar å ha ei samla oppstilling av aktuelle tiltak for kvart felt, i staden for å måtte forhalde seg til fleire skjøtselsplanar.

Skjøtselsplanane vil ha ein generell del med oversikt over dei ulike felta, skildring av aktuelle tiltak og ei prioritering av felta. Skjøtselsplanane vil også innehalde ein spesiell del med konkret opplegg for restaurering og skjøtsel for kvart felt. I første omgang vil ein fokusere på å etablere konkrete opplegg for dei prioriterte felta i lag med grunneigar/brukar/forvaltar. I nokre høve kan dette vere kortfatta faktaark der situasjonen og tiltaka er relativt enkle og oversiktlege. I andre tilhøve kan det vere trøng for meir detaljerte opplegg.

10 Fagleg grunnlag

10.1 Eksisterande kartlegging

"Hoddevik og Fure" er 1 av dei 6 områda i Sogn og Fjordane som vart utvalde som nasjonalt verdifulle, og var sett saman av to lokalitetar frå dei kommunevise registreringane, nemleg "Indre og Ytre Fure" og "Hoddevik". Området i *Utvalde kulturlandskap i jordbruksområdet* femner også om fjellet mellom Hoddevik og Fure, og det tilstøytande Hoddevikfjellet, dvs. førsteprioritetslokaliteten "Hoddevik" i den nasjonale rapporten om verdifulle llynghøie i Norge (Fremstad et al. 1991). Området femnar med dette opp ein heilskap av stølsområde, llynghøi og torvmyrar på fjellet. Området femnar om 5 lokalitetar frå naturtypekartlegginga innanfor tema kulturlandskap, av desse 3 med verdi "svært viktig". Flygesandområda, både rett innanfor stranda, og i form av ei særeiga dyne oppunder fjellet på sørssida av dalen, fekk førsteprioritet i rapporten over kvartærgeologisk verneverdigheiter førekommstar og område i Sogn og Fjordane (Aa og Sønstegaard, 1994).

Det er også kartlagt fleire biologisk viktige og svært viktige kulturmarkslokalitetar (og område med andre kultur- og landskapsverdiar) i resten av området frå Drage til Liset.

10.2 Dokumentasjon/fagkunnskap

Dei særeigne verdiane, både kvartærgeologisk og vegetasjonsøkologisk, er godt dokumenterte. Viser elles til litteraturlista i vedlegget.

Vedlegg

Litteratur Hoddevik-Liset

Austad, I. & Hauge, L. 2008 (i trykk). Supplerande kartlegging av biologisk mangfald i jordbruks kulturlandskap i Sogn og Fjordane. Registrering for kommunane Selje, Vågsøy og Bremanger. Rapport nr.1/2008. Avdeling for ingeniør- og naturfag. Høgskulen i Sogn og Fjordane.

Fett, Per 1960: Førhistoriske minne i Fjordane, Selje prestegjeld og Vågsøy prestegjeld. Historisk museum, Universitet i Bergen.

Helle, T. 1992. Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Selje kommune. Kulturlandskap i Sogn og Fjordane – bruk og vern. Rapport nr. 23. s1-106. Sogn og Fjordane distriktshøgskole.

Anna:

www.utvalgtekulturlandskap.no

www.indrefure.net